



Osterøy kommune  
Hatland  
5282 LONEVÅG

Dato: 28.10.2014  
Vår ref.: 2014/18050-14  
Saksbehandlar: ansetr  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til områdeplan Valestrand sentrum, Osterøy kommune - oversending av vedtak - motsegn

Vi syner til brev datert 20.06.2014 med områdeplan for Valestrand sentrum, Osterøy kommune til offentleg ettersyn. Kultur- og ressursutvalet har vurdert saka i møte 21.10.2014, sak nr. 141/2014 og gjort følgjande vedtak:

### Vedtak

1. Ved handsaming av reguleringsplan i 2007 fremja Riksantikvaren motsegn til dåverande plan for Timberdalen 135 bnr 9 og 16 m fl. Valestrandsfossen i Osterøy kommune. Grunnlaget for motsegna frå 2007 er ikkje løyst i noverande planframlegg. Planframlegget manglar omsynssone rundt garveri og naustmiljø og er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
2. Område ved Nausthaugen er lagt inn som BKB09 med føremål kombinert byggje- og anleggsføremål. Dette er ikkje i samsvar med dei omsyna som Riksantikvaren har sagt skal takast i og ved garveriverksemda, jf vedtak frå 2007. Planen er i konflikt med omsynet til nasjonale kulturminneverdiar. Det er knytt motsegn til dette punktet.
3. Kulturmiljøet omkring Bullaeigedommen har nasjonal kulturminneverdi og må sikrast med ei tilstrekkeleg stor omsynssone kring eigedommen. I planframlegget ligg areal BKB05 slik til at tiltak kan redusera dei kulturminneverdiane som omsynssona skal ta i vare. Det er knytt motsegn til dette punktet.
4. Motsegna kan trekkast dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovanfor.
5. Kultur- og ressursutvalet rår til at Osterøy kommune tek omsyn til dei andre merknadene som er knytt til planforslaget

Med bakgrunn i at Hordaland fylkeskommune har fremja motsegn kan ikkje Osterøy kommune vedta områdeplanen, jf. PBL §§ 5-4. Dersom Osterøy kommune ikkje vil ta omsyn til motsegna skal det ordinært gjennomførast mekling mellom partane før saka eventuelt blir sendt departementet for endeleg avgjerd, jf. PBL § 5-6.

Anna Elisa Tryti  
Fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*